



ÅLESUND KOMMUNE

BETALINGSREGULATIV - VEDERLAG FOR OPPHALD I SJUKEHEIM /
INSTITUSJON

2021

Vedteke av: Ålesund kommunestyre

Gyldig 01.01.21 – 31.12.21

Ansvarleg kommunalområde:

Helse og omsorg

Vedtak:

Ålesund kommune vedtar å bruke dei reglar som til einkvar tid gir maksimalt vederlag for

- dag-/nattopphold,
- korttidsopphold inntil 60 døgn per kalenderår
- langtidsopphold.

Om satsane:

Forskrift om vederlag for opphold i institusjon m.v. er fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet med heimel i Lov av 24. juli 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.

I medhold av forskriften fastsett staten i slutten av kvart år maksimumssatsar for vederlag for **dag-/nattopphold og korttidsopphold inntil 60 døgn per kalenderår** for komande år. Desse satsane er per dag/natt/døgn og er uavhengig av brukers inntekt.

For 2021 er desse maksimumssatsane fastsett til:

Korttidsopphald – per døgn inntil 60 døgn pr. kalenderår (Ut over 60 korttidsdøgn pr. kalenderår skal brukar betale etter reglar som for langtidsopphold.)	Kr. 175,-
For dag - eller nattopphold (Eigendelen dekkjer opphald inkl. kost, losji, medisinar og transport tur/retur i h.h.t. forskrift).	Kr. 95,-

Begrensing i vederlag for langtidsplass

I forskrifta er det fastsett maksimumsreglar for **langtidsopphald i institusjonar** i forhold til den einskilde beboars inntekt, medrekna at vederlaget ikkje må overstige dei reelle opphaldsutgifter. Kommunen skal fastsette opphaldsutgiftene ved den einskilde institusjon, og kapitalutgiftene skal ikkje takast med i berekninga. For å forenkla dette noko nyttar vi dei reelle opphaldsutgiftene ved den sjukeheimen i kommunen som har den lågaste gjennomsnittlege kostnad per døgnplass. **Maksimalt vederlag for 2021: kr. 76 910,-** pr. måned.

Med virkning fra 1.7.14 blei det gjort følgjande endring i forskriften for betaling i langtidsplass: «Beboer som, uten selv å ønske det, legges på dobbeltrom skal ved beregningen tilstås et fribeløp.» For 2021 er dette beløpet på kroner 42 848 pr. år. Ålesund kommune praktiserar dette slik at alle personar med vedtak om langtidsplass som leggast på dobbeltrom får dette fribeløpet hvis dei ikkje spesifikt har søkt om å få dele rom med ein annan.